

Aabakken

Av Knut Raastad, 2017



Aabakken ligg i øvre Nordherad ovanfor Gjelbakken.

Aabakken er i 1753 nemnd som husmannsplass under Valde. Ole Jacobsen var gift med Imbjør Ivarsdotter, dei hadde ikkje barn og det er testamentet om at den som lever lengst skal ha alt utan å skifte så lenge den attlevande er ugift.

Ole Jacobsen f.ca.1695 d.1764 var truleg son til Jacob Jacobsen på nigard Berge, syskjena til Ole var Daniel, Niels, Johannes, Torsten og Ellie som var gift med Siver Iversen Berge

Enkja Imbjør Iversdtr. 1715-1776 vart 1766 gift med soldat Erland Siverson 1739-1820. I 1774 er det kontrakt om betaling av 5 rd årleg til oppsitjaren av nordgard Valde, husa skal høyre Valde til.

Erland Siverson vart 1778 gift andre gongen med Brith Olsdtr. f.1747 d.1784, dei hadde 2 barn:

Ole f. 1779, neste brukar
Syver f. 1784

Erland Syversen vart 1785 gift 3. gong med Guri Olsdtr. 1733-1815 (hennar 2. ekteskap)

I 1795 overlet Jon Mo 1 mål av Moslykkja til Erland Aabakken mot 2 rd. Årleg.

I 1803 gjorde brukaren på Valde kontrakt med Ole Erlandsen Aabakken om bruk av plassen Aabakken mot 5 rd. årleg. Arbidsplikt er ikkje nemnd i kontraktene om Aabakken. I 1838 forplikta Ole Aabakken seg til å rive setra han hadde lagt inn i Jubvigen. Men året etter bygsla fogden bort den innhegna seterkva på 10 mål til Ole Aabakken og Rasmus Broen for 40 skilling i året. Dei hadde ei anmerkning om at dei eigde dei oppførte husa på innhegningane på deira gamle seterkveer, dette kan tyde på at setra var ein del eldre.

Ole Erlandsen Aabakken vart 1803 gift med Toline Bastine Jonsdtr. 1784-1866, dotter til Jon Hansen nordgard Storvik 1744-1816 og Ingrid Eriksdtr. Andvord 1753-1842. Dei hadde 7 barn:

Guri Olsdtr. 1803-1880, gift med Ola Jakobsen Ringnesset 1811-1902 (spelmannen)
Ingrid Olsdtr. 1804-1878, gift med Syver Christensen Sandbakken f. 1816, i Heggerusten
Erland Olsen 1807-1881, neste brukar
Brit Olsdtr. 1810-1899, gift 1832 med Syver Olsen Nyhus f. 1808, i Langrusten
Rønnaug Olsdtr. 1816-1892, gift med Einar Larsen Tungen 1813-1854
Jon Olsen f. 1820, gift 1846 med Marit Iversdtr. Bjørviken f. 1827
Marit Olsdtr. f. 1823, gift med Nils Jonsen Nebbneset 1819-1893

Erland Olsen Aabakken vart gift med Rønnaug Olsdtr. Visdal 1813-1892, dotter til Ole Johannessen Visdal 1760-1848 og Rønnaug Jonsdtr. Nyrnes/Sandviken f. 1776 Erland og Rønnaug hadde 8 barn:

Ole 1832-1909, neste brukar
Kari f.1835
Ole f.1838
Erland f.1841
John 1843-1848
Johannes f.1846
John 1848-1850
Toline f.1851

Bataljonstambur Ole Erlandsen Nordahl 1832-1909 vart 1860 gift med Kari Olsdr. Storøygarden (Lom) 1836-1889, dotter til Ola Nilsen Storøygarden 1797-1838 og Livø Olsdr. Stasviken (Lom) 1803-1874. Gnr. 79 bnr. 1 Aabakken vart fråskild frå nordgard Valde i 1872, skjøte frå Thor Hansen Valde til Ole Erlandsen Nordahl for kr 2000,- vart tinglese i 1878. Bergelykkja (Jakupstugu) vart fråskild frå nigard Berge som gnr. 81 bnr. 2 i 1880, skjøte frå Erland Nyhus til Ole Nordahl for kr 308,- er tinglese i 1889. I 1902 vart Moslykkja fråskild frå Mo som gnr. 76 bnr. 2, skjøte til O. Nordahl for kr 400,- er tinglese i 1903. Ole og Kari hadde 4 barn:

John 1861-1948 lensmann i Vågå, gift med Rønnaug Torsdr. Sandnes 1861-1929
Lene 1864-1921, neste brukar
Rønnaug 1868-1871
Rønnaug d.y. 1876-1951

Lene Olsdotter 1864-1921 vart gift med Ole Pedersen Gjelbakken 1864-1926, son til Per Amunsen 1803-1874 og Elen Olsdr. Sønsteng 1822-1895. Ole P Aabakken fekk skjøte frå O. Nordals arvingar på Aabakken i 1909. Ole og Lene hadde 6 barn:

Ola 1893-1956, lærar, gift med Elise Haugli 1903-1984
Kari f. 1895, gift med Kr. Furusest (Øyer)
Eldri 1898-1959, gift med Sølvest Ødegaard (Lom) 1883-1965
Peder 1900-1957, neste brukar
Livø 1902-1975
Jo 1906-1976, gift med Ragnhild Johannesdr. Runningen 1915-2005, i Groven

Peder O. Aabakken fekk skjøte etter faren i 1926. Han vart 1933 gift med Barbro Ivarsdr. Sveum f.1907. Dei hadde 5 barn:

Ola f. 1934, neste brukar
Målfrid f.1935
Lena f.1937
Ingolf f.1939
Per Birger f.1949

Ola Aabakken vart 1960 gift med Ragnhild Ovidia Bakken f. 1938, dotter til John Bakken f.1905 og Tora Bakken f.1914. Dei hadde 2 barn:

Per Joar f. 1963, neste brukar
Magne f. 1968, gift med Mona Thomassen

Per Joar Aabakken var gift med Mari Unni Jotun, dei har 2 barn:

Toril Renate f. 1983, neste brukar
Camilla f. 1986

Toril Renate f.1983 overtok i 2007. Ho er gift med Lars Ørjan Jonsson f.1976. Dei har 2 barn:

Barbro Louise f.2005

Tom Martin f.2008

Frå 2017 er eigar Ola Kaurstad f.1986 frå Ringeby.

I 1865 var det i Aabakken 1 hest, 12 kyr, 20 sauer, 10 geit og 1 gris. Det vart sådd 3 tønner bygg, ½ tønne blandingskorn og 2 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom s. 15

Norske Gardsbruk 1953 – 1997

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900

Utskrifter skifteprotokollar

Utskrifter pantebok for Nord-Gudbrandsdal

1881.no